

---

**Fra:** Ove Sæbø <ove@leiknesbarnehage.no>  
**Sendt:** 10. mars 2014 07:50  
**Til:** Astrid Namtvedt Sylta  
**Kopi:** Ove Sæbø  
**Emne:** Utvidig på Leiknes

Hei Astrid.

Leiknes barnehage har over tid planlagt og jobba for utviding. Dette er i tråd med den kommunale barnehageplanen. Tomtekjøp og regulering er gjennomført – i tillegg til husteikningar. Likevel er det slik at planar er best når dei vert vurdert undervegs slik at dei heile tida kan tilpassast eit best mogleg resultat.

Dekningssituasjonen i kommunen er for meg ikkje oversiktleg nok til at eg kjenner meg trygg på å ta neste steg heilt aleine. Difor ynskjer eg meg administrasjonen sine råd og anbefalingar i forhold til behov. I tillegg til kvar behovet er no – og framover. Dette er er noko som delvis endrar seg over tid.

Eg tenkjer å ta eit steg attende og ynskjer at øvrige forhold som t.d. kommunen si uvisse vedr. overkapasitet (finansiering av plassar til barn utan rett) skal ligge til grunn. Det er også viktig å trekke fram ev. andre bhg sine behov/ynskjer – det er ikkje eit ynskje at alle andre sine ev. behov skal låsast fordi Leiknes skal kunne bygge 2 nye avdelingar. Det tenkjer eg kommunen er best til eigna til å sjå på.

Eg håpar dette framstøtet er i tråd med kommunen sine interesser, og at dykk opplever det som eit innspel for å kunne gjere ein meir dagsaktuell vurdering av bhg-situasjonen i kommunen. Slik det er i augneblinken, vil eg forholde meg til det rådet dykk gjev.

Legg til at det gjerne kan vere eit godt alternativ å utsette bygging på Leiknes utan at me dermed vert tatt ut av framtidig barnehageplan.

Helsing

**Ove Sæbø**

Styrrar



Tlf. 92 22 55 62 / 56 35 80 10

Epost: [styrrar@leiknesbarnehage.no](mailto:styrrar@leiknesbarnehage.no)

[www.leiknesbarnehage.no](http://www.leiknesbarnehage.no)

Storneset 1

5915 HJELMÁS